

Protokoll frå årsmøte i Sandnes Idrettslag 2026

Årsmøtet vart halde i Radlestuå, Sandnes Stadion, 24. mars 2026

Opning ved hovudstyret sin leiar, Rune Christiansen, som streka under at årsmøtet vil fylgja sakslista datert 11. mars 2026

Sak 1 Godkjenne de stemmeberettigede medlemmene

Hovudstyret gjorde greie for kor mange røysteføre som var til stades då årsmøtet tok til. Det var 12 røysteføre.

Vedtak: Hovudstyret si utgreiing vart godkjent.

Sak 2 Velge dirigent

Framlegg frå hovudstyret: Rune Christiansen

Vedtak: Framlegget vart godkjent.

Sak 3 Velge protokollfører

Framlegg frå hovudstyret: Ketil Volden

Vedtak: Framlegget vart godkjent

Sak 4 Velge to medlemmer til å underskrive protokollen

Framlegg frå hovudstyret: Reidar Liland og Sigurd Sirevåg

Vedtak: Framlegget vart godkjent.

Sak 5 Godkjenne forretningsorden

Framlegg frå hovudstyret: Forretningsorden fylgjer gjeldande utgåve av LOV FOR SANDNES IDRETTSLAG

Vedtak: Forretningsordenen vart godkjent.

Sak 6 Godkjenne innkallingen

Hovudstyret publiserte innkallinga til årsmøtet på laget si nettside 9. februar 2025, som var innan tidsfristen.

Framlegg frå hovudstyret: Årsmøtet godkjenner innkallinga.

Vedtak: Innkallinga vart godkjent.

Sak 7 Godkjenne sakslisten

Framlegg frå hovudstyret: Årsmøtet godkjenner sakslista.

Vedtak: Sakslista vart godkjent.

Sak 8 Behandle Sandnes idrettslags årsberetning, herunder gruppeårsmeldinger

Alle gruppeårsmeldingane ligg ute på heimesida til SI og kan lesast der. Styreleiar Rune Christiansen gjekk gjennom hovudstyret sin årsrapport. Den ligg òg på laget si heimeside. Christiansen presenterte hovudstyret og gjekk gjennom arbeidet i 2025. I fjor var det 10 styremøte, og det var i tillegg god dialog på telefon og via skjermpost. Christiansen gav ein spesiell honnør til alle som er med og legg til rette for barn og unge.

Medlemsoversynet viser at det ved årsslutt 2025 var 1296 unike medlemmar og 1620 som er medlemmar i ei eller fleire grupper.

Framlegg frå hovudstyret: Årsmøtet godkjenner årsrapporten.

Vedtak: Framlegget vart godkjent.

Sak 9 Behandle

Sak 9.1 Sandnes idrettslags regnskap

Styret har i 2025 hatt eit særskilt fokus på økonomien i dei ulike gruppene i laget. Friidrett og Orientering har større sykliske arrangement og opparbeider seg kapital som dei brukar i åra mellom desse tilskipingane. Hovudstyret meiner at dette er greitt.

Gruppene har bra kontroll på kostnadene. Det er minst tre som attesterer ein faktura, og det er god sporing på alle utbetalingane. I 2025 hadde laget eit overskot på NOK 612 676, og eigenkapitalen er NOK 7 298 640. Revisjonen med Credo Revisjon har gått greitt

Framlegg frå hovudstyret: Årsmøtet godkjenner rekneskapen.

Vedtak: Framlegget vart godkjent.

Sak 9.2 Styrets økonomiske beretning

Framlegg frå hovudstyret: Årsmøtet godkjenner den økonomiske rapporten.

Vedtak: Framlegget vart godkjent.

Sak 9.3 Behandle kontrollutvalgets beretning

Kontrollutvalet hentar mandatet frå NIF si lov, paragraf 2-12, og skal kontrollere at hovudstyret utfører oppgåvene sine og gjennomfører vedtak frå førre årsmøte.

Kontrollutvalet har sidan årsmøtet i fjor hatt møte med leiar i hovudstyret og leiar i friidrettsgruppa. Framover vil det vera naturleg å ha møte med alle gruppeleiarane.

Kontrollutvalet har peika på ting som gruppene bør gjera, og viser til fjorårets framlegg om årsplanar. Dei to medlemmane har gått gjennom styrereferat, årsrapportar, rekneskap og laget si lov. Hovudstyret har hatt fokus på økonomistyring og drift av laget. Det er høgt aktivitetsnivå, men gruppestyra har i liten grad sagt noko om prioriteringane framover.

Kontrollutvalet har ikkje sett på fakturaar, men har gått gjennom revisor sin rapport og konklusjonen i denne.

Laget har ikkje skrive noko om strategi og prioriterte oppgåver. Her er det eit forbedringspunkt. Andre framlegg frå kontrollutvalet inkluderer:

- Note i rekneskapen når det er store avvik mellom budsjett og rekneskap.
- Diversepostar i rekneskapen bør ikkje innehalda store beløp.
- Store avvik mellom årets og fjorårets postar bør forklarast med ein note.

- Rekneskapen bør innehalda ein note om korleis overskot er tenkt brukt og korleis underskot skal dekkast inn.
- Alle gruppene må inkludera balanse i sine rekneskapar.
- Budsjett og rekneskap bør lagast på ein felles mal slik at dei lett kan samanliknast.
- Hovudstyret gjer eit administrativt vedtak om at fristane for innkalling, årsmøtesaker og ferdigstilling av årsmelding, rekneskap og budsjett òg skal gjelda for lagetts grupper.

Kontrollutvalet strekar òg under at hovudstyret sine framlegg til vedtak må stå i innkallinga til årsmøtet.

Kontrollutvalet rår til at årsmøtet godkjenner årsmelding og rekneskap.

Framlegg frå hovudstyret: Hovudstyret tek kontrollutvalet sin rapport til etterretning

Vedtak: Framlegget vart godkjent.

Sak 9.4 Behandle beretning fra revisor

Credo Revisjon har vore ansvarleg for revisjonen. Revisor meiner at årsrekneskapen oppfyller gjeldande lovkrav og gir eit korrekt bilete av laget sin finansielle stilling pr 31. desember 2025 og resultatet for rekneskapsåret 2025.

Framlegg frå hovudstyret: Årsmøtet godkjenner rapporten til engasjert revisor.

Vedtak: Framlegget vart godkjent.

Sak 10 Behandle innkomne forslag og saker

Sak 10.1 Revidert lovnorm

Det er gjort framlegg om revidering av Sandnes Idrettslag si lov for å sikra at den er i samsvar med NIF si oppdaterte lovnorm. Eksisterande lov i laget er sjekka mot NIF sine oppdateringar. Som eit resultat av dette, er det lagt til eit punkt om utmerkingar i SI. Laget vil årleg gå gjennom oppdateringane av NIF si lovnorm og gjera naudsynlege oppdateringa av idrettslaget si lov i samsvar med dette.

Framlegg frå Hovudstyret: Årsmøtet vedtek endringane i Sandnes idrettslag si lov basert på den oppdaterte lovnorma til NIF.

Vedtak: Framlegget vart godkjent.

Sak 11 Fastsette medlemskontingent for 2026 og treningsavgift

Sak 11.1 Fastsette medlemskontingent for 2026

Framlegg frå hovudstyret: Medlemskontingenten vert uendra.

Vedtak: Framlegget vart godkjent.

Medlemskontingentane for 2026 er:

Kr. 250,- passive

Kr. 500,- aktive

Kr. 1.000,- familiar

Sak 11.2 Fastsette treningsavgift

Framlegg frå hovudstyret: Gruppene bestemmer sjølv kva treningsavgifta skal vera for dei ulike aldersgruppene.

Vedtak: Framlegget vart godkjent.

Sak 12 Vedta Sandnes idrettslags budsjett

Viss det er budsjettert med underskot, må dette grunnjevast. O-gruppa grunnjev sitt budsjetterte underskot med at inntekter frå store arrangement blir brukt over tre år. Friidrettsgruppa har tilsvarende grunnjeving. Totalt er det budsjetterte underskotet for 2026 på NOK -392 810.

Framlegg frå hovudstyret: Årsmøtet godkjenner framlegget til budsjett.

Vedtak: Framlegget vart godkjent.

Sak 13 Sandnes idrettslags organisasjonsplan

Styreleiar gjekk gjennom organisasjonsplanen, som har vorte revidert sidan årsmøtet i 2025. Organisasjonsplanen vil òg bli oppdatert i 2026.

Framlegg frå årsmøtet: Årsmøtet godkjenner oppdatert organisasjonsplan.

Vedtak: Framlegget vart godkjent.

Sak 14 Foreta følgende valg:

14.1 Styre

I 2026 er alle i hovudstyret på val med unntak av styremedlem Arild Netland.

Valkomiteen si innstilling:

- Leiar Rune Christiansen (Attval, 1 år)
- Kasserar Kim Richter (Attval, 1 år)
- Sekretær Ketil Volden (Attval, 2 år)
- Styremedlem Jorunn Johannesen (Attval 2 år)
- Styremedlem Anita Hetland Strand. (Ny, 2 år)
- Varamedlem Sveinung Svebestad (Attval, 2 år)

Framlegg frå valkomitéen: Årsmøtet godkjenner valkomiteen si innstilling til nytt styre.

Vedlegg: Framlegget vart godkjent

Hovudstyret i Sandnes Idrettslag består frå 24. mars 2026 av fylgjande personar :

Funksjon	Namn	
Leiar	Rune Christiansen	Attvald for 1 år
Kasserar	Kim Richter	Attvald for 1 år

Sekretær	Ketil Volden	Attvald for 2 år
Styremedlem	Anita Hetland Strand	Vald for 2 år
Styremedlem	Jorunn Johannesen	Attvald for 2 år
Styremedlem	Arild Netland	Ikkje på val
Varamedlem	Sveinung Svebestad	Attvald for 2 år

Kontrollutvalg

Valg av leder

Medlemmene av kontrollutvalet vart valde for 2 år på årsmøtet 25. mars 2025, men har ikkje hatt leiar.

Framlegg frå valkomitéen: Eivind Rake (1 år)

Vedtak: Framlegget vart godkjent.

Valg av medlem[mer] i kontrollutvalget

Kontrollutvalet som vart valt på årsmøtet 25. mars 2025, har ikkje hatt varamedlem

Framlegg frå valkomitéen: Hovudstyret peikar ut ein kvinneleg varamedlem innan 1. august 2026

Vedtak: Framlegget vart godkjent.

14.3 Representanter til ting og møter i de organisasjonsledd idrettslaget har representasjonsrett eller gi styret fullmakt til å oppnevne representantene

Framlegg frå hovudstyret: Hovudstyret får fullmakt til å nemna opp representantar.

Vedtak: Framlegget vart godkjent.

14.4 Valgkomité (gruppeleiderne)

Framlegg frå hovudstyret: Dei fire gruppeleiarane er valkomité.

Vedtak: Framlegget vart godkjent.


Sak 15 Engasjere revisor til å revidere idrettslagets regnskap

Framlegg frå styret: Laget held fram med Credo Revisjon.

Vedtak: Framlegget vart godkjent.

Bogafjell, 6. april 2026

Ketil Volden



[Sted og dato]

Sandnes 7/4-2026

Reidar Liland



Sigurd Sirevåg

[Navn og signatur fra de to medlemmene årsmøtet valgte til å signere protokollen]